



# Sund Sokneblad

Nr. 2  
6. april 2022  
Årg. 91

## Bønevandringsgudsteneste



Søndag 13. mars var det bønevandringsgudsteneste i Kausland kyrkje. Då kunne kyrkjelyden vandre rundt i kyrkjerommet og utføre ulike former for bøn. Framme ved døypefonten stod prost Jan Tommy Fosse og med vatnet teikna han ein kross i handa til dei som kom som ei påminning om dåpen.

side 4-5

### Aksjon Godheit

Tre dagar i mai går Aksjon Godheit av stabelen i Fjell og Sund. Tanken er å hjelpe folk som treng det.

side 3

### Bibelboka mi

Også i år har 4-åringane i soknet fått utdelt ei bok, «Bibelboka mi». Det skjedde 6. februar i Sund kyrkje.

side 6

### Sjømannspresten

Prost Jan Tommy Fosse har bak seg 6 1/2 år som sjømannsprest i Houson og i Singapore. Disse åra fortalde han om på Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i februar.

side 7

### Konfirmasjon

I mai er det til saman 5 konfirmasjonsgudstenester i dei to kyrkjene i Sund, og konfirmantane er fordelt på desse fem gudstenestene.

side 8

### Kyrkjekino

Den planlagde kyrkjekinoen for 13-åringar gjekk ikkje heilt etter planen 13. mars, men dei fekk likevel ei nyttig tid saman i kyrkjelydshuset på Kausland.

side 9

## Pastoralt perspektiv

### Min neste?

For noen dager siden var jeg sammen med kirkeverge og diakon, invitert til informasjonsmøte i kultursalen på rådhuset. Sammen med mange ulike lag og foreninger, fikk vi informasjon til sammen å tenke omkring ivaretagelsen av flykningene som er på vei og har kommet til vår kommune. Det var til stor inspirasjon å oppleve hvor mange som ønsker å bidra. Tilstede var ulike kirker og forsamlinger, skoler, Lions, Veteranforeninger, barnekor, idrettslag, Røde kors og mange andre. På tross av det dystre og forferdelige bakteppet for møtet, gikk jeg oppløftet og takknemlig hjem. Det er rørende å se så mange krefter komme sammen for å gjøre opplevelsen av å komme som flyktning til Øygarden så god som mulig. For til oss kommer det mennesker som har flyktet uten å kunne ta med seg mer enn det aller nødvendigste. Kvinner og barn har måttet reise fra mann og far, fra hus og hjem, fra jobb og alt det som gjorde hverdagen trygg og god. Plutselig er alt snudd på hodet. Trygghet er erstattet med redsel. Det kjente er erstattet med noe ukjent. Og fremtiden vet de og vi dessverre lite om. Jeg kan ikke engang forestille meg hvordan det oppleves å måtte flykte fra krig.

Som kristen utfordres jeg av andres nød, lidelse og smerte. Et grunnleggende bibelsk budskap er alle menneskers uendelige verdi, og at utfordringen til å hjelpe når noen lider. Og en av grunnfortellingene som Jesus bruker for å understreke dette viktige poenget, er lignelsen om den barmhjertige samaritan. Bakteppet er at Jesus blir utfordret på hvem som er «min neste» når han sier at vi skal elske vår neste som oss selv. Hvor vidt skal vi tenke? Da forteller Jesus lignelsen. Samaritanen var en folkegruppe som Jesu eget folk ikke ville ha noe med å gjøre. Både en prest og en levitt gikk rett forbi ham som hadde blitt overfalt av røvere langs veien. Så kom det en samaritan, én de i utgangspunktet ikke ville ha noe med å gjøre. Han forbant sårene, og han tok ham med seg til et herberge og betalte verten for å fortsette behandlingen. Og så spør Jesus: «Hvem viste seg å være en neste for ham som ble overfalt?» Underforstått spurte han: «Hvem skal du elske som deg selv?» Vi vet svaret, men du verden så vanskelig det er.

Hva betyr vel det lille jeg kan bidra med? Det er jo så mange flykninger i verden, hva kan jeg gjøre?

Kanskje blir det litt klisje, men jeg våger allikevel: **Ingen kan gjøre alt, men alle kan gjøre noe.** Og jeg tenker at informasjonsmøtet på rådhuset er et godt eksempel. Ingen kan gjøre alt som trengs for at flykningene fra Ukraina skal få det de trenger når de kommer til Øygarden. Men sammen kan vi få det til. Noen kan bidra med et sted å bo, noen kan hjelpe med klær, noen kan bidra med mat, noen med helsehjelp, noen kan være en venn, noen kan hjelpe til med transport, noen kan arrangere fritidsaktiviteter, noen

*Framhald neste side*

- 'Dåp' i gudsteneslista betyr at det er *høve* til å ha dåp
- Det er gjerne kyrkjekaffi dersom ikke lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

## Velkommen til gudsteneste

### 10. april - Palmesøndag - Joh 12,1-13

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. *Påskevandring*. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 14. april - Skjærtorsdag - Joh 13,1-17

SUND kyrkje kl. 18.00 Gudsteneste v/Harald Forland. Takkoffer: 4 diakoni-institusjonar

### 15. april - Langfredag - Joh 18,1-19,42

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Harald Forland

### 17. april - Påskedag - Joh 20,1-10

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja

### 18. april - 2. påskedag - Joh 20,11-18

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Basecamp

### 24. april - 2. søndag i påsketida - Joh 20,24-31

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. *Soknemøte etter gudstenesta med årsmelding og årsrekneskap for 2021.*

### 01. mai - 3. søndag i påsketida - Mark 6,30-44

SUND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

SUND kyrkje kl. 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 07. mai - Laurdag

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

KAUSLAND kyrkje kl. 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 08. mai - 4. søndag i påsketida - Joh 14,1-11

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 15. mai - 5. søndag i påsketida - Joh 17,6-11

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: NKSS (Laget)

### 17. mai - Grunnlovsdag - Luk 17,11-19

SUND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/?. Takkoffer: KIA  
KAUSLAND kyrkje kl. 12.30 Familiegudsteneste v/?. Takkoffer: KIA

### 22. mai - 6. søndag i påsketida - Matt 6,7-13

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon

### 26. mai - Kristi himmelfartsdag - Joh 17,1-5

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Nattverd. Takkoffer: Åpne dører

### 29. mai - Søndag før pinse - Joh 16,12-15

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Blå kors

### 05. juni - Pinsedag - Joh 14,23-29

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### 06. juni - 2. pinsedag - Joh 7,37-39

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

# Aksjon Godheit for 8. gong i Fjell, no òg i Sund

- Vi vil setje av tid til å spreie godheit fordi vi trur at «Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda»! Godheitsaksjonen 2022 vert arrangert tysdag 10., onsdag 11. og torsdag 12. mai - kvar dag kl. 17.00-20.00. Sund Sokneråd har bestemt at i år vil Sund også vere med.



Bilvasking

Vi vil bruke tre ettermiddagar i mai for å vere med å spreie glede og for å gjere verda til ein betre stad, seier dei ansvarlege for Aksjon Godheit 2022 frå kyrkjelydane Saron, Metodistane, Sund, Fjell, Foldnes og Landro.

Tre ettermiddagar i mai tilbyr vi gratis assistanse med oppgåver som til dømes -

- husmaling utandørs
- husvask utandørs
- plenklipping
- hekkklipping
- baking og utdeling av bol-lar
- bilvask på parkeringsplas-sen ved Fjell kyrkje
- montering av hagemøblar
- rydding i hagen
- og liknande praktiske opp-gåver

Vi vil prioritere hjelp til eldre menneske, einslege forsørgjarar og innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskja sine. Dette gjer ein ganske enkelt ved å ringje til kyrkje-kontoret på telefon **400 03 316** eller sende ein e-post til **post.oygarden@kyrkja.no**.

Om du kan tenkje deg å **delta som medhjelpar på Aksjon Godheit 2022**, kan du melde deg på på same måten:

- anten via e-post til **post.oygarden@kyrkja.no** eller på telefon til kyrkjekontoret på **400 03 316**.



Hekksaging

## Min neste?

*Framhald frå førre side*

kan være barnevakt, - og sånn kunne vi fortsatt og fortsatt. For sammen kan og skal vi få til det som trengs slik at de som kommer hit skal få det så godt som mulig. For flykningene fra Ukraina er våre neste, som Jesus utfordrer oss til å elske som oss selv.

Min utfordring til deg er å ikke tenke smått om det du bidrar med, enten det er tid, penger, kompetanse eller annet. For det er kun sammen vi kan få til det som trengs slik at vi i vår lille del av verden kan ønske de som nå trenger det alle mest, velkommen til et sted de kan føle seg trygget og godt ivaretatt.

Jan Tommy Fosse  
prost i Vesthordland prosti



Husvasking



*Mange nytta seg av å tenna eit lys i lysgloben.*



*Bak i kyrkja kunne ein skriva bønelappar og leggja dei i ei korg.*

# Bønevandring

Det meste av gudstenesta i Kausland kyrkje søndag 13. mars var ei vanleg gudsteneste med nattverd på slutten. Det var prost Jan Tommy Fosse som hadde gudstenesta denne søndagen.

Men ein del av gudstenesta var annleis enn ei vanleg gudsteneste, for etter preika og kunnngjeringane då det var tid for bønner, kunne kyrkjelyden vandre rundt i kyrkjerommet og gje uttrykk for bøn på ulike måtar.

Mange gjekk mot lysgloben for å tenne eit lys der. Snart var alle lysa tende. Ved døypefonten stod prosten og tok imot folk som ville få teikna ein kross i neven med vatnet i døypefonten. Dette skulle minna dei om at dei var døypte.

Bak i kyrkja var det òg stor aktivitet. Mange gjekk dit for å skriva ei bøn på ein lapp som dei så la i ei korg. Etter kvart vart det mange lappar i korga, og då bønevandringa var slutt, vart korga boren fram til prosten som nemnde bønekorga i ei kort fellesbøn.

Men ein kunne òg leggja frå seg ei «bør» i form av ein stein som ein kunne leggja ned ved krossen som var plassert framme i kyrkja. På denne måten la ein «børa» over på Herren.

Dei som heller ville sitja i ro i benkane, kunne sjølvst gjera det og heller be derifrå. Eller ein kunne gå rundt altaret og gje eit takkoffer til trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden.

Med all denne aktiviteten i ein del av gudstenesta vart dette ei litt spesiell gudsteneste - ei bønevandringsgudsteneste.

*Olai Otterå*



*Prosten stod ved døypefonten og teikna ein kross i neven til dei som kom for å bli minna om dåpen.*



*Det samla seg mange bønelappar i bønekorga.*



*Framme ved krossen kunne ein symbolsk leggja frå seg ei «bør».*

## «Bibelboka mi» til 4-åringane i Sund

Vi må tilbake til søndag 6. februar for å koma til søndagen då 4-åringane stod i fokus. Denne dagen skulle dei nemleg få utdelt den såkalla 4-årsboka, ei bok som har tittelen «Bibelboka mi». Det har vore vanleg å dela ut ei slik bok kvart år til 4-åringane i soknet.

Det var Dag Reidmar Pettersen som stod for utdelinga av boka etter at han hadde fått samla alle 4-åringane framme i kyrkja. Der bladde dei etter kvart ivrig i bøkene for å sjå kva slags bok dette var. Lesinga greidde dei nok ikkje sjølve, men boka inneheld òg mange fine bilete.

*Olai Otterå*



*Dag Reidmar Pettersen deler ut «Bibelboka mi» til 4-åringane.*



*4-åringane kikar i bibelboka som dei nett har fått utdelt.*



Jan Tommy Fosse besøkte Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i februar og fortalde og viste bilete frå tida si som sjømannsprest i Houston og i Singapore.

## Prosten om tida si som sjømannsprest

Prost Jan Tommy Fosse har bak seg 6 1/2 år som sjømannsprest. Det var i åra 2004-2010. Den første staden han kom til var Houston i Texas, ein by med 4-5 mill. menneske og er den 4. største i USA.

Norsk sjømannskyrkje kom det i Houson alt i 1920, men etter eit opphald vart ho starta opp att i 1968. Tomta er på 20 mål med eigen fotballbane og gode lokale til å driva sjømannskyrkje i. Nordmenn som bur der har mest oljerelaterte jobbar.

*Korleis er så arbeidet til ein sjømannsprest?*

Han er i utgangspunktet ein heilt vanleg prest, men han har òg andre oppgåver. M.a. hentar han aviser på flyplassen ein gong i veka. Han måtte sjekka lista over båtar som skulle vera i nærleiken, for det var trist viss ein båt reiste utan å ha fått besøk. Det kunne ta opptil ein time å koma seg til ein båt. Men det var viktig for presten å vita kven som var ombord, kvar dei kom frå, og kva aviser han skulle ha med seg. Avisene kunne gjerne vera opptil 3 veker gamle, men for sjømennene var det nyhende.

Aviser var berre ein ting presten hadde med seg ombord. Det var mange andre ting òg som presten hadde fått bestilling på. Men presten var likevel mest oppteken av samtalene. Ein gong besøkte han ein båt der kapteinen hadde fått melding om

at mora hans hadde døydd same dagen.

Men sjømannspresten var involvert i mange andre ting enn skipsbesøk. Kvar helg var det gudsteste, og det var dåpar og vigslar. 17. maifeiringa var òg spesiell då det kunne vera samla opp til 1300 personar. I 2005, då Noreg hadde vore eige land i 100 år, fekk dei besøk av kongeparet.

Det blei òg drive ein ungdomsklubb, ein stad der dei kunne vera norske. Ved juletider var det julebasar der dei selde pinnekjøtt, gjerne så mykje som 1 tonn. Dei tente godt med pengar på dette, det var ei viktig inntektskjelde.

Under orkanen Ike i 2008 var det mange tre som ramla ned, men viktigare var det kanskje at kyrkjespiret ramla ned. Dei fekk nytt spir og nytt tak i 2009.

I 2009 flytta Jan Tommy Fosse frå sjømannskyrkja i Houston til sjømannskyrkja i Singapore, der det hadde vore sjømannskyrkje sidan 1958. Omlag 1500 nordmenn budde i Singapore på den tida.

Det var sjeldan at båtene la til kai i Singapore. Dei låg gjerne ute på reia, så ein måtte i båt for å besøka dei.

Singapore var ein travel stasjon å vera prest ved, fortalde Fosse. Det var mange aktivitetar. Ein gong var han med på å velsigna ein ny båt. På ein annan båt var det ein muslimsk kaptein som bad presten be for ein kristen motormann.

Også i Singapore feira dei 17. mai. Då leigde dei ein park i byen og samla 800 personar.

I 2010 gav Fosse seg som sjømannsprest og vart utanlandssjef for sjømannsmisjonen i Bergen i 10 år.

*Olai Otterå*



Den «Lille presten» vart Jan Tommy Fosse kalla då han var sjømannsprest i Houston.

# Konfirmasjonsgudstenestene

Konfirmantane i år er fordelte på fem konfirmasjonsgudstenester. Søndag 1. mai er det to gudstenester i Sund kyrkje. Laurdag 7. mai er det to gudstenester i Kausland kyrkje og ei gudsteneste søndag 8. mai.

## Sund kyrkje

### søndag 1. mai kl. 11.00

Amalie Sofie Føleide Johannessen  
Andrine Sleire Vedå  
Artihidhaya Supanyachotskul  
Bjørnar Blikberg  
Elias Nikolai Høyland Kleppe  
Jacob Martin Norvik  
Jan Egil Berge  
Joakim Hagenes  
Jonas Grønli Forland  
Jonas Rokkan  
Kristian Forland Eidesund  
Lasse Kilen  
Marte Nesse  
Martine Elisabeth Nordby  
Nathalie Birkenes Harkestad  
Ole Boga Ekse  
Ole Marius Ulvøen Forland  
Sanne Gjaldbæk Bjørøy  
Simone Spilde  
Vilde Kausland Vabø

## Sund kyrkje

### søndag 1. mai kl. 13.00

Adrian Vorland Jakobsen  
Celina Sangolt  
Christer Rong Liland  
Fredrik Fikse  
Ingrid Sangolt Solsvik  
Isabella Kvitle  
Julia Ringheim Thuestad  
Kim-Rikard Mjøs  
Lukas T. Fyllingen  
Marcus Sangolt  
Marcus René Vatnedalen  
Mikal Hammersland  
Ole Alexander Diaz Aarset  
Oliver Andreassen  
Peder Lekven Bruvik  
Pernille Kleppe Petterson  
Sigurd Johannes Guddal

Sjur Gabriel Angeltveit

Stine Pedersen Ekren

Synne Ryland Erichsen

## Kausland kyrkje

### laurdag 7. mai kl. 11.00

Daniel Eide  
Emil Evensen Trellevik  
Håvard Lie Melkevik  
Jacob Nekkøy  
James Wilhelm Steinsland Whitfield  
Johanna Nordstrand  
Marialinn Skage  
Nicole Beck Tofteraa  
Nils-Atle Høyland

## Kausland kyrkje

### laurdag 7. mai kl. 13.00

Alfred Kausland Flatabø  
Alva Sofie Kausland  
Bertine Aspevik Sangolt  
Brede Kvalvåg Larsen  
Dorthea Glesnes Mæland  
Elina Johanne Øvretveit Bjørklund  
Hannah Linnea Randem  
Isabell Haugetun Telle  
Leah Telle  
Maria Baardsen  
Mons Eirik Finnkirk Nesse  
Tomine Berentsen Pedersen

## Kausland kyrkje

### søndag 8. mai kl. 11.00

Isabell Hitsøy-Forland  
Marius Wiers  
Markus André Vonli Rasdal  
Mathilde Espeseth  
Noah Leander Hammersland  
Sannah Våge Midttveit  
Simen Kausland  
Thea Kallestad Iversen  
Vilde Felicia Vatne



Bilete frå konfirmasjonen i Kausland kyrkje i 2021. Foto: Olai Otterå



# Kyrkjekino med bønevandring



Diverse kino-godteri vart servert til dei som kom og ville vera med på kyrkjekinoen. Foto: Olai Otterå

På søndag 13. mars kunne vi igjen ha trusopplæring for 13-åringane våre i Sund: Kyrkjekino med bønevandring!

13-åringane møtte opp i god tid **før bønevandringsgudstenesta** skulle byrja, kl. 11 i Kausland kyrkje, og vi fekk bli litt kjende med kvarandre og med kva ei bønevandringsgudsteneste er for noko, før vi gjekk inn i kyrkja saman med resten av kyrkjelyden.

Det spesielle med denne gudstenesta, er at det er sett opp stasjonar rundt om i kyrkjerommet, der ein kan be til Gud på ulike måtar – tenna lys for nokon, skriva si eiga bøn til Gud på papir, bera ein stein fram til krossen og legge «børa» si frå seg hos Herren og få krossmerket teikna i handa som ei påminning om dåpen. Midt i gudstenesta kan alle som vil, vandra rundt på desse bøne-stasjonane.

Etter gudstenesta var det herleg pizza i kyrkjelydshuset før vi skulle gå i gong med Narnia-filmen «Løven, hekka og klesskapet» på storskjerm. Men så

viste det seg at alle 13-åringane nettopp hadde sett den filmen, og sidan vi var ein liten gjeng, valde vi å endra litt på opplegget. Vi snakka oss gjennom filmen – handlinga, kva som skjedde når og med kven. Narnia-filmen har mange kontaktpunkt med påske-bodskapen, og vi fekk ein god prat om korleis Jesus leid og døde på krossen for syndene våre, men sigra over døden og stod opp igjen på den tredje dagen. Så prata vi om at nettopp fordi Jesus har ordna opp for oss, er vegen til Gud heilt open! Han elsker oss og bryr seg om oss og inviterer oss faktisk til å koma fram for han med alt det vi har på hjartet. Dette kallast å be.

Då dette var på plass, tok vi fram kino-godteri og snacks, bordtennis, biljard og uno-spel, og hadde det kjempegøy. Irina, kantoren vår, var også med, og dei som ville, fekk lov å prøva det fine kyrkjeorgelet i kyrkja 😊

Dag Reidmar Pettersen  
Kyrkjelydspeagog  
Øygarden kyrkjelege fellestråd



Bordtennis vart eit av alternativa til film. Foto: Olai Otterå

# Soknemøte for Sund sokn 24. april kl. 12.30

Det vert soknemøte i Sund kyrkje  
søndag 24. april rett etter gudstenesta.

## Saker:

Årsmelding Sund sokneråd 2021  
Årsrekneskap Sund sokneråd 2021

Saksdokumenta ligg ute på nettsida vår  
[www.kyrkja.no/oygarden/armelding](http://www.kyrkja.no/oygarden/armelding)



DEN NORSKE KYRKJA

## Føremiddagstreffa

Det er to føremiddagstreff att denne våren. Det blir som vanlig servert lunsj før gjesten slepp til og snakkar om eit emne. Følg også med i kunngjeringar og i VestNytt.

### 27. april - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Torbjørn Fjøren  
Emne: Førebels ikkje avklart

### 25. mai - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Bjørn Sæle  
Emne: Per Sivle

Det blir ein  
felles familie-  
avslutning 26. mai ved  
Sund kyrkje klokka 13.00!  
For alle som er med i barne-  
og tweensarbeidet. Diverse  
program, og avslutning  
med ein minikonsert.



## DIAKONITUR

Vil du være med oss på tur til  
Institutt for sjelesorg, Modum  
Bad 15.-19. august 2022?

Togreisen + oppholdet  
koster kr. 7000.- pr. person.

Påmelding til Ellen Ebbesvik,  
[ee465@kyrkja.no](mailto:ee465@kyrkja.no) eller 924 42 881

Diakonene i Øygarden

## Likar du å syngje?



Korøving annankvar tysdag:  
19. april, 10. mai og 31. mai

## STJERNEKORET

Er for deg som er  
mellom 4 og 9 år.  
Vi øver kl. 17.30-18.30

## BETWEENSKORET

Er for deg om går i 4. klasse og oppover  
Vi øver kl. 18.30-19.30

### Kontaktperson:

Irina Tarasova, mobil: 474 50 606

## Trykking og distribusjon

Frå og med dette nummeret av Sund Sokneblad blir bladet trykt hos Molvik Grafisk på Midttun. Dette skjer med alle kyrkjeblada i Øygarden. Samstundes er det ikkje lenger Posten som distribuerer bladet, men Hammer Transport.



Bufetat

**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)

## *Min påskesalme:* «Dine hender er fulle av blomster»

Denne salmen har eg eit spesielt forhold til. Den har følgt meg frå ungdomsåra og i alle år som prest. Salmen gjev den gode starten på gudstenesta påskedag med den atmosfære som høyrer dagen til. Eg ser for meg ei litt hektisk stemning i våpenhuset 5 minutt på 11 påskedag. Der samlar vi nokre born, konfirmantar og vaksne, og kanskje nokre i eit dåpsfølge. Blir vi mange nok til å lage ein fin inngangsprosesjon? Så får alle utdelt ein bukett påskeliljer. Når klokkene har ringt ferdig, leier organisten oss vidare. Alle reiser seg og syng vekselsong. Gutar og menn spør: «Dine hender er fulle av blomster. Hvem

var det du tenkte å gi dem til?» Og jenter og kvinner svarar: «Mine blomster var plukka til Jesus. Graven fant jeg tom. Han var ikke der». Mange stader må ein kjøpe påskeliljer til påskedag. Eg var prest i Breim i Nordfjord før vi flytta til Askøy. Der kunne vi ofte plukke påskeliljer som vaks vilt på bøane ved Gløppefjorden.

Med fine bukettar med påskeliljer i hendene fører salmen oss den overraskande vegen frå blommar til ei grav, til blommar som pyntar kyrkja til fest og

glede. Og slutten av salmen fører oss heilt fram til vår situasjon når vi samlast til gudsteneste. «Nei, det trengs ingen blomster til graven! Jesus, du stod opp og du bor

*blant oss!»*

Når vi syng dette set vi store bukettar med påskeliljer i vasar på og rundt altaret. Då er vi klare for å feire påskedag saman i undring og takk.

Salmen har ei interessant historie. Den er skriven av italieneren Marcello Giombini i 1970, som del av ei messe om håp. Giombini var organist og komponist og har blant anna skrivne musikk til meir enn 80 filmar. Han var også ein viktig person i fornyinga av katolsk liturgi og musikk frå slutten av 1960-talet. 3 år etter blei salmen omsett til svensk. Og i 1976 fekk

vi den på norsk, omsett av Svein Ellingsen. Sidan den tid har salmen formidla gleda over Jesu oppstode i enkle ord og tonar i mange kyrkjer i heile landet. Kva kan det ha å seie for oss å syngje denne salmen i år, etter at vi ikkje kunne samlast for å feire påskedag i 2020 og 21, - og i eit år der vi opplever urolege tider med krig i Europa? Det er verdifullt å tenke over dette spørsmålet. Det handlar om kva påskeunderet kan gje oss i møte med sorg og uro, og når vi leitar etter håp i alt som vil formørke våre sinn og tankar. For meg betyr det mykje å ha med slutten av salmen. Først trøysta i orda: «Jesus, du stod opp og du bor blant oss». Og så ord som gjev livet mål og retning: «Våre øyne er til for å se deg. Hendene er til for å tjene deg».

Harald Forland

### Påskeandakten



**SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet VIRKE  
GRAVFERD



**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Grønmyrvegen 22, 5353 Straume  
(Bjørøygården)



**Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40**  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50





## Dine hender er fulle av blomster (NoS nr 206)

*T Marcello Giombini 1970, O Lars Åke Lundberg, Anders Frostenson 1973/ Svein Ellingsen 1976 (B) Nynorsk ukjent M Marcello Giombini 1970 S Harald Göransson 1976*

I (Disiplene) synges av gutter,  
II (Kvinnen) synges av jenter

1 (I) Dine hender er fulle av blomster.  
Hvem var det du tenkte å gi dem til?  
(II) Mine blomster var plukket til Jesus.

Graven fant jeg tom. Han var ikke der.  
(I/II) Halleluja, halleluja, halleluja,  
halleluja.

2 (I) Dine lepper er fulle av sanger.  
Hvorfor denne glede, hvor kom den fra?  
(II) Fra den grav der hans legeme hvilte - han stod opp, og verden ble fylt med sang.  
(I/II) Halleluja, halleluja, halleluja,  
halleluja.

3 (I) Dine øyne er fulle av glede.  
Si, hva har de sett for å få slik glans?  
(II) De har sett Herren Jesus! Han lever! Han gir livet mening og lys hver dag.  
(I/II) Halleluja, halleluja, halleluja,  
halleluja.

4 (I/II) Nei, det trengs ingen blomster til graven!  
Jesus, du stod opp og du bor blant oss!  
Våre øyne er til for å se deg.  
Hendene er til for å tjene deg.  
Halleluja, halleluja, halleluja,  
halleluja.

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - SOLSTUDIO

## Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på: klokkaroppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil 455 16 360 eller på e-post: [hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

Middag bibelfortelling aktivitetet song

# MYLDREDAG

for heile familien - besteforeldre også!



<b>Kyrkjelydshuset på Kausland:</b>	<b>Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje:</b>
20. april	5. april
11. mai	3. mai

**Kontaktperson:**  
Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360

**Kontaktpersonar:**  
Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360  
Irina Tarasova - 474 50 606

Frå 4. klasse og oppover!

Vil du bli med på klubb?

# Between-klubben


Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

**Vi møtest:**

26. april og 24. mai

**Kontaktpersonar:**  
Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360  
Irina Tarasova - 474 50 606

I Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30.



*Si det med Blomster*

## Sund Senter Blomster

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

**Opningstider:**  
Måndag-onsdag: 9.00-18.00  
Torsdag-fredag: 9.00-20.00  
Laurdag: 9.00-16.00

**Tif.: 56 33 90 13**  
Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

# GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Kvile 17A  
5379 Steinsland  
Tif.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**  
6490 EIDE

## Døypte

### 06.02 Sund kyrkje

Håvard Ougendal  
Alde Sangolt Skaarnes  
Hogne Sangolt Skaarnes

### 13.02 Kausland kyrkje

Nora Johnsen Storesund  
Milla Steinsland

### 20.02 Sund kyrkje

Lilliana Dignos Sangolt  
Edgar Dignos Sangolt

### 06.03 Sund kyrkje

Olivia Tellnes Forland  
Alma Lovise Kalgraff Vikøren

## Felles VIPPS-nummer

Det er oppretta eit felles Vipps-nummer for alle kyrkjeblada i Øygarden: **736342**, og ein QR-kode.



## Gravlagde

### 10.02 Kausland kyrkje

Ruth Magdalene Øvretveit, f. 1952

### 15.02 Sund kyrkje

Åshild Sangolt, f. 1935

### 22.02 Kausland kyrkje

Olav Steinar Hammersland, f. 1964

### 22.02 Sund kyrkje

Aslaug Dorthea Kleppe, f. 1924

### 24.02 Sund kyrkje

Nils Kåre Børnes, f. 1941

### 01.03 Kausland kyrkje

Aase Bergesen, f. 1943 (bisetjing)

### 03.03 Sund kyrkje

Borgny Christoffersen, f. 1931  
(bisetjing)

### 10.03 Kausland kyrkje

Jan Normann, f. 1939

### 15.03 Sund kyrkje

Rolf Johnny Andreassen, f. 1947  
(bisetjing)

### 17.03 Kausland kyrkje

Svein Peder Glesnes, f. 1953  
(bisetjing)

### 18.03 Sund kyrkje

Dagny Skodvin, f. 1918

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

### Samtale og sjelesorg

Presten er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Kyrjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

### Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

Nettside: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Harald Forland ..... 91777473

Vikar fram til påske

E-post: [harald.forland@gmail.com](mailto:harald.forland@gmail.com)

### Soknerådet

Svein Marius Myklebust ..... 95 88 61 56

soknerådsleiar

E-post: [svein.myklebust@danielsen-skoler.no](mailto:svein.myklebust@danielsen-skoler.no)

## Givarteneste

### Sund kyrkjelyd

### Barne- og familiearbeidet

### Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156  
Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:

[sund.sokneblad@outlook.com](mailto:sund.sokneblad@outlook.com)

### Trykk:


Molvik Grafisk AS

### Levering:


Hammer Transport

Opplag: 3.300





Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Dåp

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding  
til dåp gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Alvsvåg blir ny biskop i Borg



**Domprost Kari Mangrud Alvsvåg er tilsett som ny biskop i Borg bispedømme.**

Kyrkjerådet valde i februar å tilsetja Kari Mangrud Alvsvåg som biskop i Borg bispedømme. Ho overtar etter Atle Sommerfeldt som gjekk av med pensjon i november.

– Tusen takk for tilliten! Eg vil jobba for ei varm og open kyrkje som alltid formidlar Guds kjærleik, seier Kari Mangrud Alvsvåg i ei pressemelding frå Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet hadde på møtet sitt i Fredrikstad 10.-11. februar valet mellom dei tre kandidatane som hadde størst oppslutning i den rådgivande kyrkjelege avstemminga i vinter: Domprost i Fredrikstad Kari Mangrud Alvsvåg, professor ved MF vitenskapleg høgskule Harald Hegstad og prost i Østre Borgesyssel Kåre Rune Hauge.

– Det var tre gode kandidatar. Kari blir ein god biskop i Borg bispedømme, med eit sterkt mandat i ryggen. Eg ser fram til å samarbeida med henne, seier kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum.

11 av Kyrkjerådets medlemmer gjekk inn for Kari Mangrud Alvsvåg som dermed er tilsett som biskop i Borg. 5 av medlemmene i rådet ønskte Harald Hegstad som ny biskop, medan éin medlem av rådet ønskte Kåre Rune Hauge. (KPK)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 8. juni

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 25. mai